



Målet med turen i Uskedal helselag var Hardanger Folkemuseum og utstillinga 1000 bringeklutar. Bilete syner 9 av nøyaktig 1021 bringeklutar.

Uskedal helselag var 11. oktober på tur til Hardanger Folkemuseum på Utne. Når vi reiser med buss, har vi plass til mange. Denne gong var det med folk like frå Sandvoll til Austrepodlen. Leif Jarle Bergstø hadde bussen klar ved Gamleskulen. Alle var på plass før oppsett tid kl. 08.00. Undervegs var alle klar ved sine busstopp, og Leif Jarle hadde full kontroll på kor han venta å finna deltakarane.

Etter alt regnet siste tida fekk vi ein strålende dag innover langs fjorden. Målet var utstillinga 1000 bringeklutar. Omvisaren opplyste at det nøyaktige talet var 1021. Bringeklutane var i museet si eige. Det var fyrste gong alle vart vist samla.

Bringeklutane kom på 1600-talet. Den gong var det vanleg å ha fleire bringeklutar. I utstillinga var bringeklutane sortert etter teknikk – ikkje alder. Bandet oppe, som er typisk frå renessansen, har vi den dag i dag med ulike mønster. Det var også mange ulike band med geometriske former. Den dyktige formidlaren fortalde levande om alt vi såg. Det var imponerande handarbeid – og endå meir imponerande når vi tenkjer på arbeidsljuset dei hadde den gongen.

Vi var også innom bunadsutstillinga. Dette var kjende saker for oss alle. Vi kunne sjå mangfaldet i fargar og mønster på både band og stoff, fine brudedrakter og skautakoner. Kunsten å laga skaut er på veg ut. Den siste, som kan det, har halde kurs for å berga tradisjonen, men det må meir enn eitt kurs til for å læra dette krevjande arbeidet.

Etter nydeleg betasuppa, lefse og kaffi var det tid til litt handel i museumsbutikken før vi køyrde til Jondal. Den vegen er ikkje utbetra, men med dyktig sjåfør gjekk det svært så bra. Vi hadde pause ved kyrkja. På førehand hadde vi avtala at kyrkja skulle vera open. Noverande kyrkje vart innvigd i 1888 og er den største kyrkja i Hardanger.

Den fine dåpsengelen er truleg frå slutten av 1700-talet. Sjølv har eg gode barndomsminne frå barnedåp med nedsenka dåpsengel. Etter å ha studert bileta og sett oss rundt, gjekk turen heim gjennom Jondalstunellen. Ho, som kom sist på, gjekk sjølv sagt av fyrst. Stor takk til Leif Jarle for trygg og fin køyring.

Tekst/foto: Eli Roseth Eik

Nett/Redigering: Kristian Bringedal



Returen gjekk via Jondal med innlagd stopp i kyrkja med den nedseka dåpsengelen.